



KULTURDEPARTEMENTET

Dato: 31.10.2014

Vår ref: 14/6227 - JOF (14/30872)

Deres ref:

Høyrings svar frå Bjørgvin bispedømmeråd

Staten og Den norske kirke - et tydelig skille

Bjørgvin bispedømmeråd sin uttale

Innleiing

Bjørgvin bispedømmeråd vil støtte hovudinnhaldet og intensjonane i Kulturdepartementet sitt høyringsnotat.

Bjørgvin bispedømmeråd vil likevel særleg framheve nokre element i notatet og stille nokre spørsmål ved andre delar av notatet. Vi vil skilje på å kommentere endringar i lovformuleringane på den eine sida og problemstillingar knytt til økonomi og personalforvaltning på den andre sida.

I kort er Bjørgvin bispedømmeråd sitt vedtak frå møte 21.10.2014:

1. Bjørgvin bispedømmeråd støttar hovudinnhaldet og intensjonane i Kulturdepartementet sitt høyringsnotat. Serlig vil vi peike på at det er formålstenleg å lovfesta prestane sitt sjølvstendige ansvar for si teneste jfr §2. Likeeins støttar vi stadfestinga av at biskopane framleis kan utøva si rolle som eit serskilt organ i kyrkja.
2. Bjørgvin bispedømmeråd vil foreslå å endre forslag til §23 ved å stryke «eller Kirkerådet». Bjørgvin bispedømmeråd meiner derimot at Kyrkjemøtet kan fastsette at Kyrkjerådet kan delegerer definerte oppgåver til bispedømmeråda på områder ein finn det føremålstenleg.
3. Bjørgvin bispedømmeråd vil understreke at omstillingsprosessar vil ha ein meirkostnad dei første åra, før ein får tatt ut den planlagde gevinsten. Det er ikkje forsvarleg å undervurdere dette. Bjørgvin bispedømmeråd vil stille spørsmålsteikn ved om framdrifta som høyringsnotatet legg opp til kan oppretthaldast, om ikkje det blir stilt ressursar til omstillingsarbeidet.
4. Det grunnleggande kravet om å vere ei landsdekkjande folkekyrkje krev finansiering ved rammetilskot frå staten. Ein ser ikkje for seg at det vil vera i tråd med folkekyrkja sitt preg å innføra ei eiga medlemsavgift.

Vidare legg ein til grunn dei drøftingane som sakspapiret under trekker fram.

HØRINGSNOTATETS DEL II : KIRKENS RETTSLIGE FORHOLD

3.3 Den norske kirke som rettssubjekt:

Kirkelovens § 2 om rettslig handleevne og kirkelig inndeling: Soknet er den grunnleggende enhet i Den norske kirke og kan ikke løses fra denne. Den norske kirke så vel som det enkelte sokn har selv rettigheter og forpliktelser, er part i avtaler med private og offentlige myndigheter og har partsstilling overfor domstol og andre myndigheter. (jmfør Høyringsnotatet s. 23 og s.91)

Bjørgvin bispedømeråd støtter tanken om at soknet er grunneininga i Kyrkja, og at innføring av eit nytt rettssubjekt ikkje må svekke dette. Når mange ønskjer å styrke soknet som grunneining i den norske kyrkja, så er det samstundes viktig å skilje på kva oppgåver og ansvar som fell på dei ulike nivåa, slik at ikkje det motsette skjer. Det er stor forskjell på handlingsrommet for sokna i vår kyrkje. I for stor grad er det store sokn og store fellesråd som synest å vere modell. For at kyrkja ikkje skal fragmenterast som 1280 ulike einingar er det naudsynt med ein felles, samlande struktur. Dette for å ivareta heilskapen, og for å gje handlingsrom lokalt, ved at større utfordringar kan bli løyste i eit forpliktande fellesskap. Det må ikkje bli slik at store einingar klarar seg sjølv, mens dei andre blir avhengig av dei største. Strukturen må vere heilskapleg og lik for alle sokn i Kyrkja.

Som Den norske kyrkja sitt øvste folkevalde organ, er det riktig at Kyrkjemøtet opptre på vegne av det sentrale rettssubjektet. Men det er også viktig at det sentrale rettssubjektet ikkje svekker soknets sjølvstede. Det er ivareteke her ved at Kyrkjemøtet kan delegere til Kyrkjeråd og bispedømeråd, men kan ikkje delegere til soknet. Dette er ikkje til hinder for at soknet på den andre sida kan delegere mynde og oppgåver til dømes oppover til bispedømerådet, slik ein i dag gjer det til fellesrådet. Dette sikrar naudsynt handlingsfridom for kyrkja til å finne gode modellar når ein seinare skal løyse større oppgåver, til dømes på personal- og økonomiforvaltning, på meir rasjonelle måtar enn i dag.

Bjørgvin bispedømeråd er kjent med at Kyrkjerådet stiller spørsmålsteikn ved å ta ut siste del av §9, sjølv om denne ikkje har vore aktivt i bruk. Bjørgvin bispedømeråd tenkjer og at Kyrkjemøte må kunne erstatte «pålagt av Kongen eller departementet». Bjørgvin bispedømeråd vil likevel ikkje fremme dette som endringsforslag i denne runden.

3.4 Kirkemøtet

- a) *Kirkemøtet opptre på vegne av rettssubjektet for Den norske kirke når det ikke er fastsatt noen annet i lov eller i medhold av lov.*
- b) *Kirkemøtet kan delegere oppgaver til nasjonale og regionale organer (også prostene) men ikke til soknenes organer (menighetsråd og fellesråd)*
- c) *Forslag til endringer i Kirkelovens § 24 (jmfør Høyringsnotatet s. 25 og s.101-102)*

Bjergvin bispedømeråd stør at det kan bli aktuelt å vurdere forholdet mellom Kyrkjemøte og soknet i ein seinare fase, men har som nemnd over stilt spørsmålsteikn ved å stryke siste del av §9 no.

Når det gjeld habilitetsregler for Kyrkjemøtet sine medlemmer ser ikkje Bjergvin bispedømeråd det som naudsynt å lage særreglar ut over forvaltningslova og kyrkjelova på noverande tidspunkt.

Bjergvin bispedømeråd vil streke under at det i hovudsak må vere Kyrkjemøte som delegerer oppgåver til dei regionale og sentrale ledda som handlar på vegne av rettssubjektet for Den norske kyrkja. I den grad Kyrkjerådet skal kunne delegere må dette vere knytt til delegasjonsreglement gitt av Kyrkjemøtet. Sjå nærare under 3.6 under.

Bjergvin bispedømeråd er kjent med at ulike fellesråd og KA stiller spørsmål ved om det skal stå «prost» i lovteksten, da og knytt til §2. Vi vil meine det at prost er tatt inn både her i §24 e og §2 ikkje bind opp framtidig organisering, men er naturleg i denne fasen av lovreguleringar. Sjå nærmare drøfting under 5.2.

3.5 Kirkerådet

- *Kirkelovens § 25 (jamfør Høyringsnotatet s. 26 og s.102)*

Bjergvin bispedømeråd ser at ein opnar lovteksten slik at kyrkja sjølv skal ha fridom til endre talet på medlemmer som blir vald til Kyrkjerådet. Dette tenkjer ein er prinsipielt riktig. Likeeins at lovendinga opnar for at Kyrkjemøtet kan fastsette regler som gjer at Kyrkjerådet blir ansvarleg ovanfor Kyrkjemøtet som eit styre som kan skiftast ut i funksjonstida.

3.6 Bispedømmerådet

- *Kirkemøtet og Kirkerådet kan delegere oppgaver til bispedømmerådet. Menighetsråd og fellesråd kan også overlate oppgaver til bispedømmerådet. Kirkelovens § 23 (jamfør Høyringsnotatet s.101)*

Bjergvin bispedømeråd vil reise ein prinsipiell diskusjon ved delegasjon til bispedømeråda, når dette og kan skje frå Kyrkjerådet. Det kan vere gode grunnar til dette, men det må vere demokratisk forankra. Bjergvin bispedømeråd meiner det difor i hovudsak må vere Kyrkjemøte som delegerer oppgåver til bispedømeråda. I den grad ein skal opne for delegasjon frå Kyrkjerådet, må dette vere forstått som det valde Kyrkjerådet som har fått mynde av Kyrkjemøtet til dette på nokre områder. På andre områder må det vere opp til bispedømeråda sjølve å ta stilling til korleis ein vil nå dei mål som Kyrkjemøtet har satt. Dette for å presisere at det er demokratiske øvste organ som fastset oppgåvene ein delegerer til dei regionale og sentrale ledda som handlar på vegne av rettssubjektet for Den norske Kyrkja.

Det er og viktig å ikkje undergrava den demokratiske forankringa, og å tydeleggjere at dei valde nivå i Kyrkja er sokneråda og bispedømeråda.

Stortinget har vert opptatt av demokratiet i Kyrkja, i ein modell der bispedømeråda som folkevald organ blir svekka vil ein og svekke interessa for å delta i val av bispedømeråd. Likeeins blir det eit spørsmål om kven som definerer kva oppgåver kyrkjerådet skal ha, og ikkje minst kva ein skal prioritere. Det kunne, på linje med sokneråda sitt forhold til fellesrådet, tenkast at delegasjonen går oppover.

Det må her presiserast på kva områder ein tenker delegasjon. Til dømes vil det på områder som val av fellessystem innan administrative hjelpemiddel, personalforvaltning med meir vere viktig at Kyrkjerådet har reiskap til å pålegge alle å ha eins system. Dette vil vi meine og må kunne gjelde ovanfor sokna og fellesråda i neste fase.

På den andre sida vil val av satsingsområder og behov for kompetanse på ulike fagområder vere eit område som må definerast nedanfrå i større grad enn ovanfrå. Samspelet mellom toppnivået i Kyrkja og sokna er ein kritisk suksessfaktor. Kva kompetanse ein treng støttefunksjonar på må definerast ut frå sokna sine behov, og ikkje berre ut frå Kyrkjemøtet, Kyrkjerådet eller Bispemøtet sine prioriteringar. Her vil bispedømeråda vere viktig som regional lyttepost. Det vil vere viktig å finne ein tenleg maktbalanse mellom rådsstrukturen sine ulike nivå, og mellom råd og embete. Bjørgvin bispedømeråd vil vere open klarere linjer mellom nivåa på nokre områder, men meiner lovforslaget er for upresist på noverande tidspunkt. Det legg i for stor grad opp til ei over/underordning som ikkje er demokratisk forankra. Rolleforståinga mellom Kyrkjerådet og bispedømeråda, då særleg lest som dei administrative einingane, treng ei betre utgreiing. Samspel og koordineringsansvar vil på mange områder vere meir tenleg enn delegering. På andre områder, som til dømes økonomistyring, vil delegasjon mellom nivåa vere logisk, men fortsatt forankra demokratisk i Kyrkjemøtet som siste/første instans.

Dømer på områder der Kyrkjerådet kan ha ei koordinerande rolle, eller delegerande rolle, vil vere knytt til å fordele fellesoppgåver mellom sentrale og regionale råd. Til dømes på å samle økonomikompetanse i eit eller fleire bispedømer, koordinere ressursbruk knytt til høyringar på vegne av Kyrkja, bygge ned fagavdelingar i Kyrkjerådet og lage klynger av kompetansmiljø regionalt? Det må likevel vere nokre andre enn Kyrkjerådet åleine som vurderer kva som er tenleg for Kyrkja i stort. Det må då ligge i Kyrkjemøtet. Alternativt i at bispedømeråda gjev tilslutning til oppgåvefordeling, slik det er skissert i forholdet mellom bispedømeråd og sokna og fellesråda.

Bjørgvin bispedømeråd vil difor foreslå å endre forslag til §23 ved å stryke «eller Kirkerådet». I kva grad ein må ha inn i lovteksten at Kyrkjemøtet kan delegere til Kyrkjerådet å kunne delegere oppgåver på nokre områder er vi usikre på. Intensjonen under må vere at Kyrkjemøte har høve til å gjere dette på områder der ein finn det føremålstenleg.

4.2 Overføring av arbeidsgivermyndighet fra staten til kirken

Bjørgvin bispedømeråd stør at kyrkjemøte bør få mynde til å organisere prestenesta og regulere arbeidsgivarfunksjonane.

4.3 Kirkemøtet kan gi myndighet til en arbeidsgiverorganisasjon

- *Kirkeloven § 24. (Høyringsnotatet s. 29 og s.101)*

Bjørgvin bispedømeråd støtter at det her er lagt opp til ein ryddig overgang frå stat til kyrkje for prestar og andre tilsette i bispedømeråd/sentralkyrkjelege råd. Det er rimelig at Kyrkjemøtet bestemmer korleis dette skal ivaretakast i en framtidig kyrkjeordning. Det er viktig og sjølv sagt at arbeidsmiljølova og annan arbeidsrettslig lovgjeving skal gjelde i ei offentleg finansierte kyrkje. Det er og naturleg at kyrkja som ein relativ liten arbeidsgjevar brukar KA eller ein annan arbeidsgjevarorganisasjon. KA har samstundes flagga saker som interesseorganisasjon for Fellesråda som ikkje automatisk er samanfallande med bispedømeråda sitt syn. Mellom anna vil ein vise til høyringssvar på denne saka som kompliserande. Denne syner at KA som arbeidsgjevarorganisasjon for Den norske kyrkje sentralt, kan kome i konflikt med KA sin rolle som interesseorganisasjon.

4.4 Tjenestemannsrettslige spørsmål ved virksomhetsoverdragelse.

Bjørgvin bispedømeråd vil understreke kor viktig det er med trygge og forutsigbare vilkår under omstillingsprosessane. Ikkje minst er det viktig for å behalde prestar som vurderer å slutte i tenesta for tideleg grunna omstillingsprosessane. Dette gjeld særleg spørsmål knytt til pensjon og AFP.

5.2. Særskilt lovregulering av prestenes tjeneste.

Bjørgvin bispedømeråd støtter intensjonen ved å lovfeste soknets rett til prest, ved at det vil være avgjerande for at ein fortsatt skal ha ei landsdekkande folkekyrkje. Ein støtter og at lova bekreftar kommunens plikt til å finansiera den lokale kyrkja. Samstundes vil vi under del III stille nokre spørsmål knytt til likebehandling av trus- og livssynssamfunn på dette punktet. Eit spørsmål vil vere om korleis soknets rett til prest i lovteksten vil slå ut om ein skulle kome i den situasjon at oppslutninga rundt kyrkja faller under kriteria for å vere «folkekyrkje»? Korleis Stortinget vil sjå geografikriteriet «i alle sokn» opp mot oppslutningskriteriet «folkekyrkje» i ein slik situasjon er eit usikkert moment.

Prestens faglege uavhengighet føl av ordinasjonen, men har til no vore ivareteke av lova. Ordinasjonen er ei personleg forplikting som ikkje er knytt berre til eit arbeidsforhold. Presten er prest heile livet, så lenge han/ho ikkje seier frå seg ordinasjonen eller blir fråtatt presterettane. Sjølv om Kyrkja og Staten skil lag vil prestane vere forplikta på lovtekster om blant anna om teieplikt og mynde til

vigsel. Kyrkjelova § 34 vil omfatte alle prestar som høyrer til Den norske kyrkja, og sjukehusprester, feltprester og prester tilsett i andre institusjonar.

5.3 Regulering av biskopenes og prostenes teneste.

Bjørgvin bispedømeråd vil og understreke at det er viktig biskopen/Bispemøtet fortsatt blir sjølvstendighet og ikkje blir underordna Kyrkjerådet.

Bjørgvin bispedømeråd meiner det er viktig at alle dei tre ulike stillingskategoriane innan prestetenesta er nemnt i §2 i kyrkjelova. Det har i nokre samanhengar vorte stilt spørsmålsteikn med om ein treng å ha med prostetenesta i denne paragrafen. Det meiner Bjørgvin bispedømeråd at det er gode grunnar for, sjølv om prostetenesta ikkje er del av den klassiske opprekning av tenester. For det fyrste er dette dei tre stillingskategoriane det no vert løyvd pengar til og det er viktig å halda fast på at desse tre stillingskategoriane og deira ulike oppgåver framleis må finansierast. For det andre er det uttrykk for ei realistisk vurdering av ei fungerande presteteneste at den ikkje vert nemnt lausrive frå samanhengen, men er del av ei organisert teneste der det er viktig med det mellomnivået som prostetenesta utgjør for at ho skal fungera. Eit prestefagleg mellomnivå styrker prestetenesta, og det er vanskeleg å tenka seg at det kan fungera med berre biskop og prest. For det tredje er prostetenesta viktig for biskopen si teneste, både som rådgjevande og utførande ledd. For det fjerde er denne inndelinga ikkje ei segmentering av ein spesiell struktur for kyrkja, som det har vorte hevda. Denne formuleringa føreskriver ingen bestemt framtidig organisering av kyrkja eller framtidig plassering av arbeidsgjevaransvar, og låser ikkje kyrkja sin diskusjon om organisering.

6.0 Regler om klage

Departementet kan ikke lenger være klageinstans. Kirkemøtet må gi nye regler på de aktuelle områdene. Departementet foreslår opprettelse av et eget klageorgan – særlig for å gi klageadgang i saker der Kirkerådet har truffet vedtak.

*Departementet foreslår å oppheve gjeldende bestemmelse i Kirkelovens § 27 om **Den norske kirkes lærenemd** og erstatte den med regler for **Den norske kirkes klagenemd**.*

Ei lovfesta klagenemnd kan vere en god ordning som sikrar medlemmer, arbeidstakarar og råd forsvarleg sakshandsaming. Vi støtter departementet i vurderinga av at Kyrkjemøtet er lite eigna som organ for klagehandsaming. Bjørgvin bispedømeråd støtter departementet sitt forslag med ein endra § 27. Omfanget av klagenemnda vil ein likevel stille spørsmålsteikn ved. Bjørgvin bispedømeråd viser til Kyrkjerådet si høyring på dette punktet.

Av omsyn til ei uavhengig bispeteneste bør klage på biskopar si avgjer anten ikkje kunne påklagast, t.d. avgjer om ordinasjon eller i nokre tilfelle leggst til bispemøtet.

7.4 Bestemmelser om soknets organer

Bjergvin bispedømeråd vil peike på at endringa av «godkjent salmebok og liturgi» til «gudstjenestelige bøker» i §11 er ikkje dekkande for soknemøtet sine oppgåver. Her bør teksten bli ståande, fordi den nye gudstenestereforma har innført ei bok som obligatorisk og denne kan soknemøtet ikkje velja, men ut frå denne boka kan ein velja mange ulike liturgiar og det er desse soknemøtet skal uttala seg om. Forslaget «gudstjenestelige bøker» formidlar eit forelda syn på liturgiske bøker og den liturgiske prosess i kyrkjelydane. I den nye gudstenesteordninga er stadeigengjering er viktig, og dermed at soknet kan få uttala seg om liturgiar gjennom soknemøtet som eit direktedemokratisk organ.

Når det gjeld §24 om kyrkjemøtet si avgjerd er det meir dekkande med «gudstjenestelige bøker» fordi det er bøkene med liturgialternativa dei vedtar.

7.6 Kirkelig inndeling og bestemmelser om kirkebygg

Bjergvin bispedømeråd støtter lovforslaget på noverande tidspunkt, men meiner Den norske kyrkje sjølv bør ha mynde til å vedta spørsmål knytt til kyrkjeleg inndeling i neste fase.

7.7 Den norske kirkes lærenemnd.....

Kirkeloven § 38 siste ledd lyder slik i dag: " Før Kongen eller departementet treffer avgjørelse i saker som gjelder den evangelisk-lutherske lære, skal det læremessige grunnlaget for avgjørelsen søkes klarlagt ved at uttalelse innhentes fra vedkommende biskop og det ansvarlige kirkelige organet, eventuelt fra Den norske kirkes lærenemnd" .

Bestemmelsen ble innført i 2012 i forbindelse med at kravet om kirkemedlemskap for

Statsråden med ansvar for kirkesaker ble opphevet. Bestemmelsen skulle sikre en læremessig vurdering i aktuelle saker. Om statens arbeidsgiveransvar for kirkelig tilsatte avvikles, vil det ikke lenger være behov for at Kongen eller departementet treffer avgjørelse i saker som bestemmelsen gjelder for.

Bestemmelsen foreslås derfor opphevet. Statlige organer som behandler kirkesaker, vil ellers på alle områder være omfattet av forvaltningslovens alminnelige bestemmelser, bl.a. om utrednings- og informasjonsplikt og av det generelle kravet om forsvarlig saksbehandling.

Bjergvin bispedømeråd vil peike på at ved å ta bort denne paragrafen overlèt ein til Departementet å avgjera kva som er saker som kan ha læremessige implikasjonar, dette er det ein ville unngå ved å innføra paragrafen. Bjergvin bispedøme vil difor behalda paragrafen fordi det sikrar at det er trussamfunnet Den norske kyrkja som får avgjera kva som er saker som har med lære å gjera.

Ein kan formulere det til: " Før Kongen eller departementet treffer avgjørelse i saker som gjelder den norske kirke, skal det innhentes uttalelse fra ansvarlig kirkelig organ om eventuelle tros- og læremessige implikasjoner».

Dette vil spesifisera den generelle utrednings- og informasjonsplikta som lar trussamfunnet definera om det er læremessige forhold som departementet eventuelt må ta omsyn til.

7.8 Øvrige endringer

Bjørgvin bispedømmeråd støtter dei andre endringane slik dei er foreslått i Høyringsnotatets Del II, punkt 7.8.

HØRINGSNOTATETS DEL III : KIRKENS ØKONOMISKE STILLING OG GRUNNLAG ved utskilling fra staten

Bjørgvin bispedømmeråd vil innleiingsvis peike på fire områder i denne delen av høyringa, der ein vil reise nokre spørsmål.

Handlingsrom til å ta ut potensialet for innsparing

Høyringsnotatet, og særleg samandraget (s 10), peiker på potensialet for innsparingar og å vere meir kostnadseffektiv på oppgåve- og arbeidsdeling mellom bispedømmeråda og mellom Kyrkjerådet og bispedømmeråda.

Bjørgvin bispedømmeråd forstår og støtter dette, men vil likevel peike på at ein ikkje kan sjå at notatet tek naudsynt høgde for dei meirkostnadene ein får i overgangen med å etablere nye system og endre struktur og kultur på dette området.

Bjørgvin bispedømmeråd er innforstått med dei utfordringane og moglegheitene eit tydeleg skilje mellom Staten og Den norske kyrkja vil gje for at kyrkja sjølv kan organisere seg meir kostnadseffektivt. Ein vil likevel peike på at ei så stor endring som dette er, ikkje kan handsamast forsvarleg utan at ein og tek høgde for dei meirkostnadane slike omstillingar dreg med seg i starten. Det er viktig både for kyrkja sjølv, men vi vil og tenkje for heile det norske samfunnet at dette lukkast. Då må risikoen reduserast, ved at ein kvalitetssikrar prosessane.

Langtidskostnadane ved å ikkje ha handlingsrom til å nettopp lande gode løysingar frå starten, kan bli dyrare drift over lengre tid enn naudsynt. Risikoen er då ei forskyving av ressursar bort frå kyrkjelydane. Målet er å styrkje sokna, og redusere unødige kostnader på alle nivå. Slike prosessar vil ha ein meirkostnad dei første åra, før ein får tatt ut den planlagde gevinsten. Det er ikkje forsvarleg å undervurdere dette. Bjørgvin bispedømmeråd vil stille spørsmålsteikn ved om framdrifta som høyringsnotatet legg opp til kan oppretthaldast, om ikkje det blir stilt ressursar til omstillingsarbeidet.

Vi ser at fleire høyringssvar er oppteken av at lovformuleringane ikkje må binde opp kyrkja i vidare arbeid med kyrkjeordning. Dette stør Bjørgvin bispedømeråd, men vi vil og peike på at det er naudsynt å sikre at kyrkja får bygge opp kompetanse og system som kan ivareta ein framtidig heilskapleg kyrkjemodell allereie i dei endringane ein no skal gjere. Dersom ein må redusere kompetansemiljøa på bispedømenivå, før ein går inn i drøftingane om fornuftige modellar i neste runde, vil vi meine det og er kritisk.

Overføring av kompetanse og ressursar

I notatet skriv departementet seg sjølv ut på område etter område, etter ein klar logikk, reint juridisk, men notatet saknar samstundes ein tydelegare plan for kompetanseoverføring frå «departementet» til kyrkja, i hovudsak då til Kyrkjerådet. I nokon grad blir dette fanga opp av til dømes oppretting av eit kontrollutval og ei klagenemnd, men fleire av dei funksjonane departementet si fagavdeling i dag i varetek saknar vi ei klarare plassering av, både organisatorisk, men ikkje minst knytt til overføring av kompetanse og ressursar. Ein peiker på at det økonomiske vil ein kome tilbake til i budsjettsamanheng. Dette fylgjer og ein viss logikk, men det kan vere aktuelt å stille spørsmål ved framdrift på prosessen, om dette medfører for høg risiko ved at ein må ta val som på sikt kan bli svært dyre for kyrkja, særleg ved tap at kompetanse eller val av system som ikkje dekkjer framtidens moglege modellar knytt til økonomi og personalforvaltning.

Likebehandling av trus – og livssynsamfunn

I positiv lesing kan ein lese, at ein ved å lovregulere presteteneste i kvart sokn, så forpliktar Staten seg på å finansiere dette. Det kan samstundes bli krevjande for Kyrkja å vere forplikta på å vere folkekyrkje alle stader, om oppslutninga fell slik at finansieringa og vert redusert. Mindre kyrkjer eller trussamfunn er ikkje forplikta på same måte til og å vere til stades alle stader. Bjørgvin bispedømeråd er positiv til at Staten ser det som viktig at Den norske kyrkja skal vere til stades i alle lokalsamfunn. Det må samstundes bety at Staten, i sin tanke om lik handsaming av livs- og trussamfunn, ser at det er ei stor meirkostnad for dei som Staten pålegg eit slikt krav. Det går ut over medlemstal aleine, då det mellom anna og har ein geografisk kostnadsfaktor.

Låneopptak og eigenkapital

Bjørgvin bispedømeråd forstår logikken bak at departementet innstiller på at Kyrkja ved det nye rettssubjektet ikkje skal kunne ta låneopptak som indirekte er garanterte av Staten. Det er samstundes underleg at Kyrkja sitt handlingsrom som eige rettssubjekt skal avgrensast på denne måten. Bjørgvin bispedømeråd vil be om at ein her ser på andre modellar, som avgrensar Statens ansvar utan å avgrense Kyrkja sitt sjølvstende. Same avgrensing gjeld ikkje dei andre trus- og livssynsamfunna, sjølv om dei og mottar tilskot frå staten.

I notatet er ein samstundes opptatt av at Kyrkja skal drivast meir kostnadseffektivt. På nokre av dei kritiske områda for å skape ei heilskapleg Kyrkje, er ein avhengig av at Kyrkja sentralt har handlingsrom. Det er mykje

fokus på at ikkje Kyrkjerådet skal få for mykje makt, eller at soknet skal miste innflytelse. Det er eit like kritisk bilete om Kyrkjerådet/Kyrkjemøtet får for lite makt eller handlingsrom, slik at ein ikkje får løyst felles utfordringar på adekvate måtar. Døme på dette kan vere felles system på områder som Intranett, økonomisystem, lønssystem og bortetter. Den norske kyrkja skal føre rekneskap etter rekneskapslova, samstundes skal sokna bruke kommunal standard. Vi saknar ei grundigare vurdering av dette med tanke på at målet må vere at Kyrkja på sikt må ha felles økonomisystem i heile strukturen.

Bjørgvin bispedømeråd stiller og spørsmål om kyrkja sjølv skal kunne velje regler for innkjøp med meir. Her er det ikkje sikkert at krav om å følgje statens regelverk er det mest føremålstenlege.

Spørsmål knytt til eigenkapital er stort. Det omhandlar og pensjonsforpliktingar og lønsforpliktingar. Bjørgvin bispedømeråd er oppteken av at til dømes dei forpliktingane som departementet no pålegg Kyrkja blir vurdert inn i dette spørsmålet. Til dømes vil innslaget lønsforhandlingar som departementet gjer få konsekvensar vidare. Konkret døme vil vere at overføringa av sokneprestar til ramme slå inn for fullt først i 2018. På dette området ser ein det naudsynt med ei breiare utgreiing.

13.4 Pensjon og AFP – overgangsordningar

1. Departementet foreslår at pensjonsordningene i Statens pensjonskasse (SPK) tilbys videreført i tre år etter virksomhetsoverdragelsen. (dvs trolig til ca. 2020) I løpet av disse tre årene må Den norske kirke (enten ved Kirkemøtet eller gjennom forhandlinger) avgjøre hva slags pensjonsordning de ønsker å tilby sine ansatte. Hvis Kirkemøtet ønsker det, kan kirken søke Arbeids- og sosialdepartementet om fortsatt medlemskap i SPK. Dersom Kirkemøtet ønsker en annen pensjonsordning for fremtidige ansatte vil det likevel være mulig å tilby et lukket medlemskap i SPK for dem som allerede har opparbeidet seg rettigheter der. Dette er også et spørsmål som må avklares av kirken sentralt (ved Kirkemøtet eller ved forhandlinger) Arbeidstakerne vil ikke kunne gjøre individuelle valg av pensjonsordning.

Departementet mener at Staten ikke kan pålegge en selvstendig kirke bestemte pensjonsordninger.

2. Departementet foreslår den samme forlengelsen av retten til å gå av med AFP (avtalefestet pensjon) Denne rettigheten er tariff-festet i staten og hører ikke til de individuelle rettighetene som arbeidstakerne kan beholde ved en virksomhetsoverdragelse.

Departementet foreslår at retten til AFP fortsetter som før inntil Den norske kirke har inngått en ny tariffavtale (maksimalt i 3 år etter virksomhetsoverdragelsen- dvs til ca. 2020)

Departementet understrekar at det er så store endringar i pensjonsordningane at det vil være umulig å si kva som er gunstigast for den enkelte prest/ tilsette. Dei som har full oppteningstid i staten og som er født i 1958 eller tidligare har i følgje departementet ikkje grunn til å frykte endringane. Dei har nå en


individuell garanti for 66 % av lønn ved «fratreden». Dette er den same gruppa som fyller 62 år før eller i 2020 og da kan velje å gå av med AFP.

Bjørgvin bispedømeråd er usikker på om dette er tydelig nok til å skape trygghet under omstilling for arbeidstakerane? Det kan og skape utfordringar knytt til rekruttering, som ein ikkje heilt kan overskoa. Det sikrar dei eldste, mens usikkerhet rundt pensjonsordningane vil slå ulikt inn både i presteskapet og blant dei administrativt tilsette. Bjørgvin bispedømeråd vil og løfte fram usikkerheit knytt til framtidig økonomi, knytt til pensjonsforpliktingar og lønsforpliktingar, sett opp mot at det å handsame utfordringane knytt til rekruttering. Dette rører ved kva eigenkapital kyrkja har ved oppstart på eigen kjøp. Lovforslaget er på mange områder svært godt, men risikoen ved overgangen er kritisk både for kyrkja og samfunnet. Den usikkerheit som skapast ved ei så stor endring, kan best reduserast ved å ha tiltak inne som sikrar at ein i størst mogleg grad i varetek den kompetanse som er i presteskapet og dei administrativt tilsette. Det handlar om å sikre økonomisk handlingsrom til å skape tryggleik i overgangen for alle partar.

Oppsummering

1. Bjørgvin bispedømeråd støttar hovudinnhaldet og intensjonane i Kulturdepartementet sitt høyringsnotat. Serlig vil vi peike på at det er formålstenleg å lovfesta prestane sitt sjølvstendige ansvar for si teneste jfr §2. Likeeins støttar vi stadfestinga av at biskopane framleis kan utøva si rolle som eit serskilt organ i kyrkja.
2. Bjørgvin bispedømeråd vil foreslå å endre forslag til §23 ved å stryke «eller Kirkerådet». Bjørgvin bispedømeråd meiner derimot at Kyrkjemøtet kan fastsette at Kyrkjerådet kan delegere definerte oppgåver til bispedømeråda på områder ein finn det føremålstenleg.
3. Bjørgvin bispedømeråd vil understreke at omstillingsprosessar vil ha ein meirkostnad dei første åra, før ein får tatt ut den planlagde gevinsten. Det er ikkje forsvarleg å undervurdere dette. Bjørgvin bispedømeråd vil stille spørsmålsteikn ved om framdrifta som høyringsnotatet legg opp til kan oppretthaldast, om ikkje det blir stilt ressursar til omstillingsarbeidet.
4. Det grunnleggande kravet om å vere ei landsdekkjande folkekyrkje krev finansiering ved rammetilskot frå staten. Ein ser ikkje for seg at det vil vera i tråd med folkekyrkja sitt preg å innføra ei eiga medlemsavgift.

Med vennlig hilsen



Jan-Ove Fjellveit
stiftsdirektør